

KLIMA- OG MILJØDEPARTEMENTET  
Postboks 8013 DEP  
0030 OSLO

---

<b>Dato</b>	28.09.2023
<b>Vår referanse</b>	2023/68227-4
<b>Dykkar referanse</b>	23/4138
<b>Sakshandsamar</b>	Anders Søyland
<b>E-post</b>	Anders.Soyland@vlfk.no
<b>Telefon</b>	40427671

## Fråsegn frå Vestland Fylkeskommune - oppdaterte og nye forskrifter om tilskot til natur- og friluftslivsføremål

Det visast til høyring av forslag til oppdaterte og nye forskrifter om tilskot til natur- og friluftslivsføremål. Høyring av dei aktuelle forskriftene blei handsama i fylkesutvalet 19. september 2023.

Fylkesutvalet vedtok følgjande:

1. Fylkesutvalet vedtek å sende innspel til oppdaterte og nye forskrifter om tilskot til natur og friluftslivsføremål til Klima- og miljødepartementet, slik det kjem fram av saksutgreiinga.
2. Vestland fylkeskommune finn det positivt at tilskot til besøkssenter for verdsarv vert forskriftsfesta med tydelege kriteriar for måloppnåing, kva ein kan få tilskot til og kven som kan søkje.
3. Vestland fylkeskommune ber om at det i tilskotsordninga sitt formål (§1) også vert teke inn moglegheit for investeringstilskot for etablering av autoriserte verdsarvsenter.
4. Vestland fylkeskommune ber om at forskrifta sine krav for å kunne tildele tilskot (§5) vert justert slik at den opnar opp for offentleg medfinansiering gjennom kommunale og fylkeskommunale tilskotsordningar.

Vedlagt er saksutgreiing og protokoll frå møte i fylkesutvalet 19. september 2023.

Med helsing

**Per Morten Ekerhovd**  
avdelingsdirektør  
Kultur og folkehelse (KFO)

**Britt Karen Spjeld**  
seksjonssjef  
Fysisk aktivitet og inkludering- KFO

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*

### Vedlegg

- 1 Innspel til høyring om oppdaterte og nye forskrifter om tilskot til natur- og friluftslivsføremål
- 2 Saksprotokoll Fylkesutvalet

---

**Saksnr:** 2023/68227-3  
**Saksbehandlar:** Anders Søyland

---

## Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fylkesutvalet		19.09.2023

## Innspel til høyring om oppdaterte og nye forskrifter om tilskot til natur- og friluftslivsføremål

### Forslag til vedtak

1. Fylkesutvalet vedtek å sende innspel til oppdaterte og nye forskrifter om tilskot til natur- og friluftslivsføremål til Klima- og miljødepartementet, slik det kjem fram av saksutgreiinga.
1. Vestland fylkeskommune finn det positivt at tilskot til besøkssenter for verdsarv vert forskriftsfesta med tydelege kriteriar for måloppnåing, kva ein kan få tilskot til og kven som kan søkje.
2. Vestland fylkeskommune ber om at det i tilskotsordninga sitt formål (§1) også vert teke inn moglegheit for investeringstilskot for etablering av autoriserte verdsarvsenter.
3. Vestland fylkeskommune ber om at forskrifta sine krav for å kunne tildele tilskot (§5) vert justert slik at den opnar opp for offentleg medfinansiering gjennom kommunale og fylkeskommunale tilskotsordningar.

### Samandrag

Klima- og miljødepartementet har sendt forslag til oppdaterte og nye forskrifter om tilskot til natur- og friluftslivsføremål på høyring. Bakgrunnen er at departementet har utarbeidd ein ny mal for tilskotsregelverk, og fordi enkelte tilskotsordningar ikkje er regulerte i forskrift. Av dei seks forskriftene som er på høyring har fylkesdirektøren innspel til følgande: Forskrift om tilskot til Nasjonale turiststiar, Forskrift om tilskot til friluftslivsaktivitet og Forskrift om tilskot til besøkssenter for verdsarv. For sistnemte forskrift ber fylkesdirektøren om at det vert gjort endringar i forskrifta som styrkar moglegheitene for finansiering av autoriserte verdsarvsenter knytt til kvar av dei tre verdsarvstadane i Vestland fylke.

**Rune Haugsdal**  
fylkesdirektør

**Per Morten Ekerhovd**  
avdelingsdirektør  
Kultur og folkehelse (KFO)

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

### Vedlegg

- 1 Høringsnotat - Oppdaterte og nye forskrifter om tilskudd til natur- og friluftslivsføremål.pdf
- 2 Forskrift om tilskudd til besøkssenter for verdensarv.pdf

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Klima- og miljødepartementet har sendt følgande forskrifter på høyring:

- Forskrift om tilskot til Nasjonale turiststiar
- Forskrift om tilskot til tiltak i statleg sikra friluftslivsområder og område verna som friluftslivsområde etter markaloven
- Forskrift om tilskot til friluftslivsaktivitet
- Forskrift om tilskot til besøkssenter for natur
- Forskrift om tilskot til besøkssenter for verdsarv
- Forskrift om tilskot til å styrke kunnskapen om og formidling av naturmangfaldet

Klima- og miljødepartementet har utarbeida ein mal for tilskotsregelverk basert på retningslinjer for tilskotsforskrifter frå Lovavdelinga i Justisdepartementet, rettleiingsmateriell frå DFØ, samt behovet for å ta inn formuleringa knytt til EØS-regelverket om offentleg støtte som administrerast frå Nærings- og fiskeridepartementet. Formålet har vore å lage en universell mal som er oppdatert iht. gjeldande lovmessige krav, for ein meir føreseieleg utforming og praktisering av departementets tilskotsforskrifter innan natur og friluftsliv.

Enkelte tilskotsordningar er i dag ikkje regulerte i forskrift. Departementet ser det som naudsynt at desse ordningane forskriftsfestast, for å sikre at ordningane er i samsvar med krava forvaltningslova og økonomiregelverket stiller til utforming og forvaltning av tilskott.

Dei oppdaterte og nye forskriftene inneber ingen vesentlege endringar for dei tilskotsordningane der fylkeskommunen har eit ansvar for fordeling av midlar.

Det er likevel enkelte forhold som er verdt å peike på når det gjeld følgande forskrifter:

- *Forskrift om tilskot til Nasjonale turiststiar*

Ordninga gir midlar til stiar med ekstraordinært stort besøk, der internasjonale turistar utgjør ein stor del av dei besøkande. Den høge bruken fører til stor slitasje på stiane og naturen rundt, utfordringar med søppel/avfall, behov for informasjon og utfordringar med sikkerheita til dei besøkande. Midlane er meint å gå til tiltak som kan redusere desse utfordringane. Tilskotsordninga prioriterer tilskot til stiar som er autorisert som Nasjonale turiststiar.

Fylkesdirektør stiller seg positiv til ei tilskotsordning der regionale og lokale forvaltningsmynde, destinasjonsselskap og stiftelsar og frivillige organisasjonar kan få tilskot til tiltak som kan redusere belastninga som internasjonale turistar og nasjonale tilreisande fører med seg. Det er likevel få stiar som er autorisert som nasjonale turiststiar og det er eit stort behov for tiltak også på stiar der internasjonale turistar ikkje utgjør ein stor del av dei besøkande. For kommunar og lokalsamfunn kan det oppstå store utfordringar knytt til stiar og utfartsområde der størsteparten av brukarane er regionalt tilreisande. Slike regionalt viktige stiar er ikkje omfatta av tilskotsordninga for Nasjonale turiststiar. Fylkesdirektør ynskjer derfor å poengtere at regionale friluftslivsområde og har eit stort behov for midlar til tiltak for å redusere utfordringane med høg bruk og slitasje frå tilreisande brukarar.

- *Forskrift om tilskot til tiltak i statleg sikra friluftslivsområder og område verna som friluftslivsområde etter markalova*

Tilskotsordninga skal bidra til å fremje friluftslivsaktivitet i statleg sikra friluftslivsområde og område verna som friluftslivsområde etter markaloven. Gjennom naturvennleg tilrettelegging og skjøtsel skal områda gjerast lett tilgjengelege og attraktive for allment friluftsliv. Det er kommunane eller friluftsråd med driftsansvar for områda som kan søke tilskot.

Tilskot til tiltak i statleg sikra friluftsområde blir fordelt av fylkeskommunen. Forskrifta som er på høyring har ikkje påverknad på tildelingspraksis eller prioriteringar for tildeling av tilskotet. Fylkesdirektør har derfor ikkje innspel til denne forskrifta.

- *Forskrift om tilskot til friluftslivsaktivitet*

Målet med ordninga er å medverke til auka deltaking i helsefremjande, trivselsskapande og miljøvennleg friluftsliv for alle grupper i befolkninga.

Tilskot til tiltak i statleg sikra friluftsområde blir fordelt av fylkeskommunen. Forskrifta som er på høyring har ikkje påverknad på tildelingspraksis eller prioriteringar for tildeling av tilskotet. Fylkesdirektør har derfor ikkje innspel til denne forskrifta, forutan ein liten språkleg korreksjon: Ordlyden i § 5. Krav og prioriteringar for tilskotsordninga er i bokstav g) *Personer me nedsett Funksjonsevne* og i h) *Personer med innvandrarbakgrunn*. Her skulle det nok stått «er rettet mot» framfor «personer» for at desse punkta skal ha ein naturleg samanheng med den innleiande setninga «*Tilskuddsordningen prioriterer aktiviteter og tiltak som*»

- *Forskrift om tilskot til besøkssenter for natur*

Tilskotsordninga skal bidra til drift og utvikling av besøkssenter for natur, slik at sentra kan formidle kunnskap om naturen til befolkninga. Barn og unge er særleg prioritert.

Fylkesdirektør har ingen merknadar til denne forskrifta.

- *Forskrift om tilskot til besøkssenter for verdsarv*

Tilskotsordninga til besøkssenter for verdsarv er i dag ikkje regulert gjennom forskrift. Ordninga svare til ordninga for besøkssenter for natur, men særskilt for verdsarvsentra er at det berre er sentre som er autorisert av Miljødirektoratet som besøkssentre som kan søke om tilskott.

Verdsarven er vårt bidrag til verdas sin kultur- og naturarv. Vestland er det fylket i landet som har flest verdsarvstadar, Bryggen i Bergen, Urnes stavkyrkje og Vestnorsk fjordlandskap – delområde Nærøyfjorden. Vestnorsk fjordlandskap består av to geografisk skilde delområde, der eitt ligg i Geiranger i Møre og Romsdal fylke og eitt i Nærøyfjorden i Vestland fylke.

Verdsarvstadane i Vestland er godt tatt vare på og har ei god forvaltning. Likevel er det utfordringar ved verdsarvstadane, spesielt knytt til turismen i den hektiske sommarsesongen. I Vestland har Urnes stavkyrkje eit autorisert verdsarvsenter. Vestnorsk fjordlandskap har også eit autorisert verdsarvsenter, men dette er plassert i Geiranger. Felles for alle verdsarvstadane i Vestland er at dei manglar høvelege lokale til eit autorisert verdsarvsenter, som vil kunne ta godt i mot dei besøkande og gje ei god formidling av verdsarven.

I forskrifta som no er på høyring er det berre moglegheit til å søkje om tilskot til drift og utvikling av dei autoriserte besøkssentera for Verdsarv. Det ligg ikkje inne noko moglegheit for tilskot til investering av nødvendig infrastruktur og bygg til verdsarvsentera.

#### Vurdering

Fylkesdirektøren finn det positivt at tilskotsordninga til dei autoriserte besøkssentera for verdsarven vert forskriftsfesta. Forskrifta slik den ligg føre er tydeleg og presis og det er positivt med ei tilskotsordning som gjev moglegheit for både driftstilskot og utvikling av ulike publikumstiltak, kompetanseheving, utstillingar og informasjonstiltak. Etter fylkesdirektøren si vurdering er dette ei god tilskotsordning som vil bidra til betre besøksoppleving og auka kunnskap om verdsarven i Noreg og resten av verda. I tillegg vil dei bidra til å styrke den lokale verdiskapinga og forankringa av verdsarven. Men forskrifta manglar moglegheit til investeringstilskot for bygging av nødvendig infrastruktur og bygg til eit autorisert verdsarvsenter.

Felles for dei tre verdsarvstadane i Vestland er at dei manglar dei nødvendige fasilitetane til å gje dei mange besøkande ein god oppleving og god informasjon om verdsarven og om staden sine

framragande universelle verdiar. I tillegg er det eit svært stort besøkstrykk på alle dei tre stadane i sommarsesongen, noko som gjer det utfordrande å gje eit godt tilbod til dei besøkande. Eit autorisert verdsarvsenter knytt til kvar av dei tre verdsarvstadane vil bidra til betre informasjon og besøksoppleving. For to av verdsarvstadane er det konkrete planar for bygging av besøkssenter som vil imøtekome behovet for formidling og gje dei besøkande ei god oppleving av verdsarven, men dei manglar finansiering.

Ved å ta inn investeringstilskot til etablering av besøkssenter i tilskotsordninga vil ein etter fylkesdirektøren si vurdering bidra til at alle verdsarvstadane får moglegheit til å gje dei mange besøkande ei god besøksoppleving og formidling av verdsarvstadane. Av den grunn vil fylkesdirektøren tilrå at tilskotsordninga vert utvida til å omfatte investeringstilskot i tillegg til driftstilskot.

Framlegg til forskrift § 5 føresett «at det foreligger avtaler om minst 40 prosent medfinansiering fra andre aktører til driften.». Vi gjer merksam på at fylkeskommunen ikkje kan inngå faste avtarar om driftstilskot, då vi kvart budsjettår må handsame alle innkomne søknadar i eigne tilskotsordningar for driftstilskot. Vi ber departementet justera ordlyden i paragrafen, slik at den opnar opp for offentlig medfinansiering frå kommunar og fylkeskommunar.

- *Forskrift om tilskot til å styrke kunnskapen om og formidling av naturmangfaldet*

Tilskotsordninga for å styrke kunnskapen om og formidling av naturmangfaldet er i dag ikkje regulert gjennom forskrift. Tilskotsordninga skal styrke kunnskapen om mangfaldet av artar i Noreg til beste for allmenta, forvaltning og forskning slik at vi i framtida er betre rusta til å forvalte naturmangfaldet.

Fylkesdirektør er positiv til at tilskotsordninga forskriftsfestast og elles ingen merknadar.

### **Avgjersmynde**

Fylkesutvalet har vedtakskompetanse jamfør reglement for fylkesutvalet punkt 7. Fylkesutvalet gir på vegne av Vestland fylkeskommune uttale i alle høyringssaker, med nokre unntak.

### **dverknad**

Ikkje relevant

### **Vurderingar og verknader**

#### **Økonomi:**

Dei føreslegne forskriftene har ingen påverknad på Vestland fylkeskommune sin økonomi.

#### **Klima:**

Ikkje relevant

#### **Folkehelse:**

Dei føreslegne forskriftene har ingen direkte innverknad på folkehelse i Vestland. Dei aktuelle tilskotsordningane som forskriftene regulerer har derimot ei stor positiv effekt på folkehelsa ved at dei stimulerer til auka fysisk aktivitet og friluftsliv, særleg når det gjeld tilskot til friluftslivsaktivitet og tilskot til tiltak i statleg sikra friluftslivsområde.

#### **Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):**

Tilskotsordningane som forskriftene regulerer har stor verdi for innbyggjarar, kommunar, næringsliv og organisasjonar. Ei betre tilrettelegging for friluftsliv bidreg til attraktiviteten til kommunane i Vestland, både som reisemål og som bustadskommune. Besøkssenter for natur og kulturarv kan styrke Vestland reiselivsdestinasjon, både nasjonalt og internasjonalt. Slike besøkssenter bidreg til

kunnskapsformidling om natur- og kulturverdier i vestland og kan bidra til ei berekraftig og framtidsretta forvaltning av desse verdiane.

### **Konklusjon**

Fylkesdirektøren tilrår vedtak i samsvar med forslag til vedtak.

## Saksprotokoll i Fylkesutvalet - 19.09.2023

**Aleksander Øren Heen (Sp)** stille spørsmål om han var inhabil fordi han har vore med å behandla saka når han var statssekretær. Øren Heen gjekk frå under vurderinga om han var inhabil. Fylkesutvalet vedtok samrøystes at Øren Heen var habil. Øren Heen tiltredde saksbehandlinga.

### **Avrøysting**

Fylkesdirektøren sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

- 1.Fylkesutvalet vedtek å sende innspel til oppdaterte og nye forskrifter om tilskot til natur- og friluftslivsføremål til Klima- og miljødepartementet, slik det kjem fram av saksutgreiinga.
- 2.Vestland fylkeskommune finn det positivt at tilskot til besøkssenter for verdsarv vert forskriftsfesta med tydelege kriteriar for måloppnåing, kva ein kan få tilskot til og kven som kan søkje.
- 3.Vestland fylkeskommune ber om at det i tilskotsordninga sitt formål (§1) også vert teke inn moglegheit for investeringstilskot for etablering av autoriserte verdsarvsenter.
- 4.Vestland fylkeskommune ber om at forskrifta sine krav for å kunne tildele tilskot (§5) vert justert slik at den opnar opp for offentleg medfinansiering gjennom kommunale og fylkeskommunale tilskotsordningar.